

STATUS PASIENTREISER

TRANSPORTØRAVTLALER

Aktuelt

- Frå 14. september 2020 står Helse Bergen dessverre utan avtale for transport av pasientar med rekvisisjon i fleire distriktskommunar.
- Per i dag står Helse Bergen utan avtale i følgande område frå 14.09.20:
 - Austevoll, Modalen, Samnanger, tidlegare Fusa kommune, Osterøy, Gulen, Masfjorden, Vaksdal samt Ølve og Hatlestrand i Kvinnherad kommune.
 - Dette utgjer om lag 10 prosent av Helse Bergen sitt pasientreiseområde.
 - Det er usikkerheit rundt kommunane Ulvik og Kvam. Her er det dialog , og det blir jobba for å kome til semje.
 - I Alver og Austrheim kommune er det inngått ny avtale.
- Informasjonen ble gitt 9.september på kvelden i epost til kommuneoverleger

Bakgrunn

- Helse Bergen har hatt to anbudskonkurransar i helseføretaket sine distriktskommunar vinteren 2019 og våren 2020. Nye avtalar vart inngått med drosjeselskap på Voss, tidlegare Os kommune og Fedje samt Rong, Tjeldstø og Hellesøy i Øygarden med oppstart 1. februar.
- I anbodsrunder to vart konkurransegrunnlaget justert med blant anna auka pris etter innspel som kom i forhandlingsmøta med drosjeselskapa.
- Avtalane har blitt forlenga to gonger utover utløpt avtaleperiode. 13. september opphøyrer dagens avtalar.
- Tilboda frå drosjeselskapa måtte avvisast i hovudsak fordi dei inneheldt vesentlege avvik frå krava i anskaffelsesdokumenta.
- For Helse Bergen sin del er det allereie urimeleg store prisforskjellar mellom transportøravtalene. Dersom prisdifferansen skulle blitt auka ytterlegare sett mot vilkåra i anbodsrunder ein, ville det bli store forskjellar for transportørane som inngjekk avtale 1. februar i år.
- Helse Bergen sitt mål er å få avtalar med prisar som ikkje er urimeleg dyre sett i forhold til andre stader i landet og også internt mellom avtalepartane. Det skal vere like vilkår.

Tilbakemeldinger etter 9.september

FRÅ KOMMUNER, BÅDE ADMINISTRASJON OG POLITISK NIVÅ

- *Dette kan me ikkje akseptere.*
- *Det rammer dei sjuke og svake i samfunnet og det gir ikkje lik tilgang til helsetenester for dei som bur i distrikta.*
- *Korleis har de lagt til rette for at dei pasientene som dette går ut over får god informasjon innan tre dager, om endringane inntil nye avtaler er på plass?*
- *Me ser fram til ei snarleg løysing der ansvarleg leverandør ferdigstiller nødvendige avtaler.*

FRÅ BRUKERE

- *«Brukerutvalget mener Helse Bergen må sette inn ekstraressurser for at pasienter i de berørte områdene fortsatt kan få komme til nødvendig behandling uten selv å betale reiseutgifter for drosjekjøring»*

4ukers forlengjet frist

- Helse Bergen HF hadde 11.9 intern drøfting om saka, i tillegg til dialog både med kommunar og brukarar.
- Med bakgrunn i ei heilskapsvurdering av den umiddelbare konsekvensen endringa medfører for pasientane, så forlenger vi eksisterande avtale 4 veker fram i tid.
- Vi understreker at dette er 3 gongen vi forlenger avtalen og er ikkje innstilt på ytterligere forlenging.
- I løpet av denne 4 vekers perioden vil vi sikre praktiske ordningar som rammer pasientane i minst mogleg grad der vi ikkje har fått på plass avtalar.
- For nokre av transportørane har vi ikkje mottatt tilbod, og dette må vi arbeide vidare med.
- Vi ønsker god dialog både med transportørar og kommunar for å få ei best mogleg løysing for transport av pasientar i alle kommunar.